

Venelaget

MEDLEMSHEFTE FOR
VENELAGET OLAV H. HAUGE,
STIFTA 1999

Juni 2025



INNHALD

Bidragssytarane i dette heftet	4
Leiaren har ordet - <i>Ågot Gammersvik</i>	5
Mitt Haugedikt - <i>Inger Vederhus</i>	6
Ein bete blåe rosor - <i>Ågot Gammersvik</i>	9
Vidar Vivelid syklar etter dikt i 1966 - <i>Torbjørn Ljones</i>	12
Hausten på Hugesenteret - <i>Jorid Lekve Eide</i>	15
«Fram og attende» - Hauges arbeidsmåte - <i>Aasta Marie Bjorvand Bjørkøy</i>	16
Olav H. Hauge ved UiB - <i>Alf Gunnar Eritsland</i>	22

BIDRAGSYTARANE I DETTE HEFTET

AASTA MARIE BJORVAND BJØRKØY

Professor og instituttleiar ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo. Gav i 2016 ut boka Eit dikt vert aldri ferdig. Teksthistorien til Olav H. Huges dikt.

ALF GUNNAR ERITSLAND

Har vore førstelektor i norsk ved OsloMet. Medlem i styret for venelaget. Redaktør for dette heftet.

ÅGOT GAMMERSVIK

Leiar av Venelaget Olav H. Hauge. Magistergrad i etnologi. Har vore direktør ved ulike museum, mellom anna Hardanger Folkemuseum og Maihaugen.

TORBJØRN LJONES

Har vore rektor i vidaregåande skule i Lillehammer. Han har publisert artiklar og bøker med stoff frå Ulvik og Hardanger.

INGER VEDERHUS

Har vore forlagsredaktør i fleire forlag og førstelektor i norsk ved OsloMet. Redaktør for boka Jon Fosse i skulen.

JORID LEKVE EIDE

Er utdanna biletkunstnar frå Kunsthøgskolen i Oslo. Kom attende til heimbygda i 2014 for å arbeide med Poesifestivalen. Har sidan 2023 vore arenaleiar ved Hugesenteret i Ulvik.

LEIAREN HAR ORDET

Ågot Gammersvik

Våren kom tidleg i år, tidlegare enn dei fleste kan hugsa. Når bløminga går føre seg frå medio april, er det for seint å reisa på blømingstur til Hardanger i mai. Når Venelagsheftet våren 2025 går i trykken, vil bløminga for lengst vera over. Fruktena vil vera på veg.

Så også med Venelagsheftet, der artiklane som vart arbeidd med i vår no vil vera på veg ut til alle medlemmene. Vi vonar du finn fruktene vel-smakande!

«Gode dikt skriv du ikkje, du lyt lengta og lokka dei fram», sa Olav H. Hauge i dagboka si i 1961 (Hauge 2000, b.2, s.235). I dette medlemsheftet skriv Aasta Marie Bjorvand Bjørkøy ein artikkel om Hauge sin arbeidsmåte, korleis han reviderte både gamle og nyare dikt. Bjørkøy har skrive ein forvitneleg artikkel som ho kallar *Fram og attende* - om korleis Hauge i heile sitt dynamisk forfattarskap stadig reviderte dikta sine, både ein og fleire gonger.

I dette nummeret held vi fram med å la medlemmane våre velja seg eit dikt og grunngjeve valet sitt. Inger Vederhus har valt seg diktet *Skeiserenn* frå diktsamlinga Dropar i austavind, 1966.

Hugesenteret i Ulvik har laga eit

spanande program for sommaren og hausten, som du finn i dette medlemsheftet. Her kan du velja deg fleire fine program og opplevingar å delta på.

I artikkelen *Ein bete blåe rosor* fortel skodespelar Arnhild Litleré om korleis ho arbeider med å laga program om Olav H. Hauge i ulike samanhengar. Her får vi vita meir om korleis ho skreddarsyr framstillinga for å møte ulike tilhøyrarar og gjera dei interesserte i Hauge si dikting.

Torbjørn Ljones fortel saga om når Vidar Vivelid sykla frå Eidfjord til Ulvik etter dikt ein gong på 1966-talet, og kor han vart fengd av Hauge sine dikt. Ei velskriven søge frå fjorden.

Alf Gunnar Eritsland følgjer opp samlinga etter Olav H. Hauge. Denne gongen handlar det om skriftleg materiale som er å finna på Universitetet i Bergen. Her finn vi den største samlinga av brev- og manus frå Olav H. Hauge si hand. Ola Søndena, som er ansvarleg for Hagematerialet ved Universitetsbiblioteket, kan fortelja at det har vore ei stigande interesse for brev og manus i denne samlinga. Skrifter og manus er gitt av Bodil Cap-pelen, kona til Hauge, etter at han var gått bort i 1994.

Vi vonar du vil finna interessante artiklar i dette medlemsheftet, og ynskjer deg god sommar med godt lesestoff!



Skeiserennar Amund Sjøbrend, 1975. Utsnitt. Foto: ukjent / Anno Domkirkeodden.

MITT HAUGEDIKT

Inger Vederhus

Skeiserenn

Du startar i lag med storskridaren.
Du veit du ikkje kan følgja han,
men du legg i veg
og brukar all di kraft
og held lag ei stund.

Men han glid ifrå deg,
glid ifrå deg, glid ifrå deg –
Snart er han heile runden fyre.

Det kjennest litt skamfullt med det same.
Til det kjem ei merkeleg ro yver deg,
kan ikkje storskridaren fara!

Og du fell inn i di eigi takt
og kappskrid med deg sjølv.
Meir kan ingen gjera.

Dropar i austavind, 1966

Dikta til Olav H. Hauge er i tanke og i munn. Eg les dei for meg sjølv, og eg høyrer dei framførte ved ulike høve.

Skeiserenn er eit slikt dikt. Eg vart merksam på diktet då ein kjenning framførte det den siste dagen sin som sjukepleiar. I eit langt yrkesliv var handverket sjukepleie viktig for henne. Denne dagen blei diktet også eit høvesdikt, ein kommentar i ei tid då ho opplevde at ord som prosedyre, struktur og effektiv tilbakemelding tok større plass i yrket enn syn for handlaget som sjuke treng å møte,

sjølve kunnskapen om hjelpekunst. Gjennom diktet fekk ho sagt noko om si eiga yrkeserfaring.

Eg «stal» dette diktet og bar det fram då eg nokre år etter gjekk av, som det heiter, frå mitt arbeid som lærarutdannar. Konteksten eg las diktet i, ein slutt på yrkeslivet, førte til at diktet mest blei ei forteljing. Å renne på skeiser er ein praktisk oppøvd kunst nett som sjukepleie og lærarutdanning også er det, om det er brukt med vit. Men det kan også bli ei tevling. I yrket har eg møtt storskridaren.

Korleis møter du henne? Kva meining gjev du dette møtet?

Då eg var ung og meiningssøkjande, erklærte eg meg som eksistensialist etter å ha lese Søren Kierkegaards *Enten – Eller. Et Livs-Fragment*. Den absolutte lesinga mi blei hengt opp på veggen i jenterommet: «Sammenligningen er den største synd». Då eg no las *Skeiserenn*, og såg tilbake på arbeidslivet mitt, kom desse orda frå Kierkegaard om det sjølvstendige valet og samanlikninga fram att. Men hos Olav H. Hauge les eg noko meir.

I diktet *Skeiserenn* skin også eit omgrep - lengt - og eg såg ei forteljing: Du, som diktet vender seg til, ser storskridaren, einaren. Spring etter,

men så – . Du har erfart, du har samanlikna, men først og fremst lengta. Og så fell du - i «merkeleg ro».

Til det kjem ei merkeleg ro yver deg, kan ikkje storskridaren fara!

Og du fell inn i di eigi takt og kappskrid med deg sjølv. Meir kan ingen gjera.

«Det Store er ikke at være Dette eller Hiint; men at være sig selv, og dette kan ethvert Menneske, naar han vil det.»

Søren Kierkegaard: *Af Enten – Eller. Et Livs-Fragment*, 1843.

LAGSPENGAR 2025

Vi minner om lagspengar for Venelaget Olav H. Hauge.

250 kr

Vipps til #586853

Eller betal til konto 3450.30.01960
ved kasserer Anders Opheim
Hjeltnesveien 109, 5730 Ulvik

Hugs namn, adresse og e-post.

EN BETE BLÅE ROSOR

Ågot Gammersvik

Skodespelaren Arnhild Litleré (1960) er fødd og oppvaksen i Strandebarm. Ho har hatt oppdrag på dei fleste teaterscenane i Norge. I NRK har ho vore med i fleire filmproduksjonar, og i den populære NRK-serien Side om Side (2013–2023). Ho har laga eigne framsyningar med poesiprogram saman med ulike musikarar. Ikkje minst har ho arbeidd mykje med Olav H. Hauge og Jon Fosse sine tekstar. Her vert ho intervju av Ågot Gammersvik.

Arnhild Litleré fortel at ho har laga program om Olav H. Hauge i mange år, mange ulike program og med ulike samarbeidspartar og musikarar. To gonger har ho hatt oppdrag for «Poesifestivalen», og stått på scenen i eplehagen på Rossvoll og framført dikt av Olav H. Hauge.

– Eg vert klokare av å lesa Olav H. Hauge. Han er ein stor forfattar som heile sitt liv arbeidde med språk, og gjennom språket kan eg ta del i tankane hans, filosoferingane hans, få glimt inn i kvardagen hans, og store innsikter i små dikt.

På Nå i Hardanger framførte Litleré nyleg eit Haugeprogram for fullsett hus. Programmet kalla ho Ein bete blåe rosor, etter ei strofe frå Olav H. Hauge sitt dikt *Borni leikar*.



Foto: Svein Brimi.

Borni leikar

*Borni leikar med krusbrot.
Brot av ei skål dei fann,
gled dei meir enn den heile
gledde sin eigarmann.*

*Ein bete med blåe rosor,
eit lite krystall-blankt skard
vert i deira augo
til noko meir enn dei var.*

*På brot av mitt knuste liv
fann eg ei line mjuk.
Men kva pottemakeren meinte,
det finn eg aldri ut.*

Under bergfallet, 1951

– Korleis byggjer du opp eit program om Hauge?

– Eg byggjer dei oftast opp kring Olav H. Hauge sitt livsløp, og skreddarsyr framstillinga etter kva bestillinga er. Eg puslar saman program som høver til publikum. Som til dømes då eg skulle ha program på Nå i Hardanger, midt mellom eplebøndene, då måtte eg ha med det Hauge fortel om fruktdyrking, og dikta han skriv om dette temaet. For Hauge har mykje om fruktdyrking, både i dikt og i dagbøkene sine. Han var utdanna på Hjeltnes gartnarskule, og var sjølv fruktdyrkar, så her hadde han omfattande kunnskapar.

Grøne eple

*Sumaren var kald og regnfull.
Epli vart grønne og flekka av skurv.
Men eg plukkar og sorterar
og stablar kassane i kjellaren.
Grøne eple er betre enn inkje.
Bygdi ligg på 61 grader breidd.*

Dropar i austavind, 1966

Då eg hadde program for studentar ved universitetet i Tallin, laga eg eit program tilpassa tema for studentane der; korleis skriva dikt. Då fann eg dikt der Hauge seier noko om det å skriva, om korleis dikta blir til. Han har mange dikt om skrive-tema.

I fleire år har eg opna Psykisk helse-seminaret på Grand Hotell i Oslo. Då finn eg fram til dagboktekstar og dikt som berører den psykiske smerta hans. Hauge var periodevis svært psykisk sjuk, men han hadde innsikt og respekt for si eiga smerte. Som ingen andre sette han ord på dette. Som i diktet Eldberget.

Eldberget

*Vanvyr meg ikkje,
de trygge og skikkelege berg!
Gjennom meg, usæle,
skulde det brjota
alt det innestengde
som vår bergætt
i uraldrar ol.
Det var ikkje min lava,
mi oske, mi eld
meir enn dykkar,
men bresten var min.
Eg er berre eit berg
som andre berg,
ingi gåte
og ingen guddom,
berre eit skrøpeleg,
utbrent berg.
Men ingen
veit som eg
kva krefter det søv
i oss berg.*

Under bergfallet, 1951

Litleré nyttar også Olav H. Hauge sine dagbøker til å byggja opp forteljinga om diktaren, og nyttar gjerne datoar og framstillingar han sjølv skriv om. Brevvekslinga mellom Hauge og Bodil Cappelen er eit vakkert, rikt og spanande tema. Brevva fortel korleis kjærleiken veks fram mellom dei to gjennom breva som flyt mellom dei, og der ho til sist flytter inn til han på Rossvoll i Ulvik.

– Når og korleis møtte du Olav H. Hauge?

– Eg har aldri møtt Olav H. Hauge personleg. Eg var for ung til å ha mot til å oppsøkja han medan han levde. Men interessa for diktinga hans kom grad-

vis. Eg vart først kjend med diktaren i eit TV-program der han las og fortalde sjølv. Verka som eit utruleg spanande menneske der han las desse små, korte dikta om kvardagslege ting. Etter det las eg alt eg kom over om diktaren frå Ulvik. Hauge har mange fine dikt, korte, tatt på kornet, lette å lesa, som t.d. Sleggja.

Sleggja

*Eg er berre
ei sleggje.
Eg stend der no.
Eg lyt berre til
når det røyner på.*

Dropar i austavind, 1966

Nyleg opna Arnhild Litleré utstillinga til kunstnaren Svein Nå i Galleri Kraft i Bergen. Kunstnaren har vove inn Hauge-dikt i nokre av teppa sine, og desse dikta vart framførte av Arnhild Litleré for eit lydhøyr publikum.

Svein Nå (1944) er vevar frå Hardanger som vev teppe i naturfarga ull. Han har stilt ut i mange galleri og museum, deltatt på Vestlandsutstillinga og er kjøpt inn til fleire samlingar. Seinast vart eitt av teppa hans gitt til det nye fylkeshuset i Vestland, Bergen. Svein Nå er inspirert av diktaren Olav H. Hauge. I nokre av teppa sine har han vove inn Hauge-dikt, som diktet Kverni.

Kverni

*Tull
kan eg tala,
gull
kan eg òg mala.
Alt svel eg,*

*holsvolti gjel eg,
sving meg og sveiv meg,
av tomgangen, tomgangen
lyt eitkvart koma -
Ør
kan eg rala,
korn
kan eg òg mala.*

Spør vinden, 1971

– Ser du ein samanheng mellom dikta og livet til Hauge?

– Dagbøkene er jo på mange måtar hans tankestraum gjennom livet. Og vi har utruleg stor moglegheit til å verta kjend med denne mannen gjennom dagbøkene. Likevel er det gjennom poesien hans vi vert lyfta opp. Det er der det magiske bur. Mykje av det vi opplever er språklaus, men å setja ord på det ordlaus er poeten si oppgåve. Eit dikt kan nokre gonger vere så konsentrert at tre linjer kan opna store rom. Det sluttar aldri å fasinera meg.

Arnhild Litleré vil halda fram med å laga program om Olav H. Hauge, og vi kan sjå fram til nye og spanande Haugeprogram frå den kanten.

I dag kjende eg

*I dag kjende eg
at eg hadde laga eit godt dikt.
Fuglane kvitra i hagen då eg
kom ut,
og soli stod blid over
Bergahaugane.*

Dropar i austavind, 1966

VIDAR VIVELID SYKLAR ETTER DIKT I 1966

Torbjørn Ljones

Denne dagen ville Vidar Vivelid bruka til meir enn å spa i jorda. Han ville låna den gamle trøsykkelen hennar Anna Sæd og reisa over fjorden og inn til Ulvik for å kjøpa ei lita bok han hadde høyrte om i radioen. Han arva tre bøker etter foreldra sine; Bibelen, Nynorsk salmebok og Aku Aku. Meir trong dei ikkje som mat for sjela eit langt liv i Eidfjord.

Innkomen på kaien i fruktbygda gjekk han inn i den vesle bua til Tormod Opedal og bad om *Dropar i austavind* av Olav H. Hauge. Boken, på folkemunne, var raskt borte i hylla og drog fram dei tre dropane i grå vind. So betalte Vidar 18 kroner, bukka og gjekk over vegen der det var ein liten cafe med jukeboks og svart kaffi. Han hadde med seg nista heimanfrå. To sukkermålar fekk han gjevande.

Fyrste diktet på side ni, diktet *Yver hengjemyri*, var som ei lita fortelling, ikkje verken rim eller rytme som han kunne sjå. Etter å ha lese dei to siste linene fraus han på ryggen. Vidar Vivelid levde i kvar enkle dag som om det var hans siste og visste om dei i bygda som ikkje såg anna enn døden som utgang. Han brukte alle rotstokkar han kunne sjå, alle stunder, alle folk rundt seg til å berga seg gjennom.

Jau! Han hadde nok vore ein strid fjellvind, ein brølar i fylla, ein skrytar. Men det hadde vorte folk av han, ikkje ein broten vind, men ein venleg mann mange bad inn om han kom forbi døra.

Vidar bladde seg fram til diktet *Me siglar ikkje same havet*, og Brita kom med varmt påfyll i koppen. Nokre ungdomar var innkomne og spelte *Let it be* på boksen. Ofte kunne han vingla, som ein papirbåt. Han var nok lettmatros i sitt eige liv. Han vart aldri ordførar eller formann i fjellstyret, han fylgde straumen, eller den linne vinden som diktaren skriv om. Vidar var ikkje mann for å ta store avgjerder eller reisa til Jerusalem, som Ogmund frå Sponheim. «Og tårone draup under hjelmen», stod det når den fyrste kjende ulvikingen såg heim. Jau, tårer hadde vel han og hatt nok av.

På side seksten bladde han fram det diktet som nesten sette fyr på han. Han lo høgt og ungdomane trudde nok han var rar. Det dreit han i. *Eg stend eg, seddu* vart ordspråket hans resten av livet. Dette var nok ikkje eit dikt for litteraturhistoria, men for han var det som grovbrød med gamalost. Frå og med denne dagen visste han at Vidar Vivelid kom til å gje faen.

På veggjen bak han hang det ein femøresautomat. Ei ungjenta i fløyel



Illustrasjon: Kristian Krohg-Sørensen.

og fletter sette inn ein mynt og det skrangla i kassen. So lita kan lukka vera. Diktaren må ha vore her før han skreiv diktet *Automaten* på side 24. Venting, singling, ingenting kjem ut. Vidar kjende seg att. Mange kveldar hadde han gått aleine heim etter å ha satsa både motet og æra.

Ingen han visste om hadde dikta om skeising før. Men for Vidar Vivelid var Kuppern ein Gud på stål. Han hadde fått snabelskeiser til jol av besten sin og vart nummer fem i eit skuleskeiserenn etter han Lars Lægreid, og visste kor vanskeleg det var å krosstiga. Det seig ei ro over han etter å lese dei tre siste linene. Her var ein mann han kunne fylgja både på banen og i tanken. Vidar Vivelid var aldri best i noko, men ofte nest best. Det fekk vera godt nok.

Diktet om katten var nesten for

kort. Han likte best når diktaren brukte meir enn tre setningar. Katten hans heitte oftast Grakatten, og var ikkje alltid varast i garden. Men han heldt huset musafritt, og fortente nok eit modernistisk dikt. Og når han snakka med katten, slapp han alltid å seia så mykje.

Etter å ha lese *Du var vinden* pakka Vidar Vivelid saman nistepapiret, takka Brita for kaffien og sette ein femøring i automaten. Ingenting kom ut. Han smilte til ungdomen og gjekk ned til kaien der Reinert var på plass for å ta imot ferja. Ein dag ville han skriva eit ferjedikt, kanskje.

Vinddiktet til Olav H. Hauge sat i han som eit spyd. Var han ein slik båt? Hadde han spurt etter vind? Aldri.

Etter å ha lagt seg las han gjenom boka ein gong til. Ikkje før på siste sida sovna han.

STYRET I VENELAGET 2024–2026

Ågot Gammersvik, leiar – aagot.gammersvik@gmail.com – tlf 917 75 735

Guri Hjeltnes, nestleiar – guri.hjeltnes@hlsenteret.no – tlf 452 30 353

Alf Gunnar Eritsland, redaktør – Alfgunnar49@outlook.com – tlf 992 74 225

Ingebjørg Winjum, skribar – ibwinjum@hotmail.com – tlf 404 03 863

Håkon Gjerde, styremedlem – hakgje1@gmail.com – tlf 901 30 193

Vidar Vambheim, vara – vidar.vambheim@uit.no – tlf 452 19 633

Ådne Sandvik Dyrnesli, vara – adne.dyrnesli@gmail.com – tlf 452 45 423

Anders Oppheim, kasserer og rekneskapsfører
– andersko@ulvik.org – tlf 971 83 532
Hjeltnesvegen 209, 5730 Ulvik

HAUSTEN PÅ HAUGESENTERET

Jorid Lekve Eide

Ny utstilling

Haugesenteret har sidan hausten 2024 arbeidd med ei ny utstilling i museet. Utstillinga skal stå i den gamle heradsstyresalen og vil stilla ut boksamlinga etter Olav H. Hauge på over 4000 bøker. Utstillinga skal etter planen stå ferdig i oktober.

Diktardagen på Utne

18. august feirar Haugesenteret Olav H. Hauge sin bursdag med å dela ut *Diktartavla* på Utne.

Diktartavla vart initiert av Hauge, og er ein litterær pris som kvart år sidan 1993 har gått til ein markant norskspråkleg lyrikar.

Vinnaren av årets pris vert gjort offentlig 20. juni på nynorsk.no.

Sonett-seminar

12.–13. september på Haugesenteret.

For Olav H. Hauge var ingen diktform gjævere enn sonetten: «Dei beste dikti i verdi, er sonettar, veit du!» Underforstått: I sonett-tradisjonen ligg det ein målestokk for litterær kvalitet, og Hauge ville nok – smålåten som han elles var – måla seg med dei aller beste lyrikarane.

Sonetten er ei klassisk diktform som skriv seg frå Sicilia på 1200-talet. Dei mest kjende sonettdiktarane på verdsbasis er Francesco Petrarca, William Shakespeare og Rainer Ma-

ria Rilke. Norske sonettar finn me òg, men tradisjonen har ikkje fått like mykje merksemd her til lands. Forskningsnettverket for poetisk tenking arrangerer difor eit seminar som vil kasta lys over kjende og ukjende norske sonettdiktarar. Seminaret tek føre seg sonettar av diktarar som Camilla Collett, A.O. Vinje, Kristofer Uppdal, Aslaug Vaa, Olav H. Hauge og Per Olav Kaldestad.

Grøne eple

Boklansering i samarbeid med forlaget Skald.

I samband med Oktobertorg og haustferieveke i Ulvik. Dato kjem!

Eit hjarte til jul

Lesestund og konsert for born med forfattar og muskar Line Dybedal Vederhus.

I samband med jolegateopning i Ulvik. Dato kjem!

Meir informasjon om alle arrangement og endeleg tidspunkt kjem på nynorsk.no.

Og du, set av datoen til neste års Poesifestival alt no! 11.–13. september 2026.



«FRAM OG ATTENDE» – HAUGES ARBEIDSMÅTE

Aasta Marie Bjorvand Bjørkøy

I 1954 vurderte Olav H. Hauge Fram og attende som tittel på den tredje diktsamlingen, som senere ble til *Seint rodnar skog i djuvet* (Hauge 2000, b. 1, 412). Tittelen *Fram og attende* kunne passet godt som tittel for hele Hauges forfatterskap, for hver gang Hauge utga en ny samling, inkluderte han dikt som var skrevet allerede før foregående samling.

Hauge reviderte også dikt fra samtlige av sine syv diktsamlinger når diktene ble trykt på ny i antologier, utvalg og samleutgaver. Noen dikt ble endret så mye som fire ganger, og revisjoner ble reversert. Nye dikt ble også lagt til. Nytt og gammelt ble slik blandet i flere omganger, og diktrekkefølgen ble byttet om på for hver utgivelse. Blandingen og omrokkingen kompliserer studiet av Hauges utvikling som forfatter; mens blandingen tilslører utviklingen, gir de mange revisjonene av hvert enkelt dikt et unikt innblikk i mange aspekter ved Hauges utvikling som dikter, dersom man sammenligner versjoner og nærleser variantene.

Hauge sjonglerer mellom det pragmatiske og det perfektjonistiske; med holdningen «det fær so vera»

sender han stadig fra seg samlinger eller enkeltdikt til forlag og tidsskrifter. Likevel blir han jevnlig innhentet av suget etter å file på diktene. Hauge er følgelig ikke bare i utvikling som dikter fra verk til verk, han utvikler samtidig de verkene som allerede foreligger. Huges arbeidsmåte harselerer slik med en tilvant forestilling om det trykte ord som noe stabilt.

Hauges biograf Knut Olav Åmås mener det skyldes tvil: «Fram og tilbake, forfatterskapen er i stadig rørsle som følge av stadig tvil» (Åmås 2004, 629, fotnote 102). Både indre og ytre omstendigheter kan ha motivert endringene, men også praktiske hensyn påvirket. Hadle Oftedal Andersen kan for eksempel fortelle at en gang Idar Stegane kom på besøk, satt Hauge med linjal og målte diktene sine for å kunne plassere dem slik at de skulle få plass på sidene i Dikt i samling, og ikke bli brutt opp ufordelaktig av sideskift (Andersen 2002, 229).

Forfatterskapet er dynamisk; den stadige revisjonen og blandingen av nytt og gammelt gjør at Hauge opprettholder et aktivt forhold til store deler av produksjonen gjennom hele forfatterskapet. I 1983 og 1986 fyller Hauge to hefter i A4-format med dikt fra 1920-årene og fremover, hvorfra han ifølge Åmås «plukker» når han

tviheldt deg
med blåe nevar?
For du sat der ein gong.

Sidan gjeng du
og ventar
på vengesuset
til denne fuglen,
at han skal koma
og letta og bera deg.

FEMSTEIN

~~Femsteinane mine
er skitne og grå vortne
av mange fingrar.
Dei hine ungane
skal alltid ha tak i dei.~~

~~I elvi skal eg
finna oss
ny femstein.
Kvite steinar
som glitrar i soli
når me spelar.~~

96

Femstein
Femsteinane
er skitne og grå vortne
av mange fingrar.
I elvi skal eg
finna oss
ny femstein.
Kvite steinar
som glitrar i soli
når me spelar.

Her har Hauge revidert diktet «Femstein» med raud penn. Foto: Manuskript- og librar-samlingen, Universitetsbiblioteket i Bergen.

reviderer Dikt i samling før den kom i nye utgaver i 1985, 1993 og 1994 (Åmås 2004, 511). Mens førsteutgaven av Dikt i samling fra 1972 inneholdt 362 av Hauges egne dikt (samt gjendiktninger), inneholder den sist autoriserte 1994-utgaven 430 dikt. Disse tallene kunne forlede til å tro at Hauge i perioden 1972–1994 har skrevet og lagt til 68 nye dikt, at det alene viser hele bildet. Selv om tallet 68 indikerer et stort avvik mellom førsteutgaven og den sist autoriserte utgaven av Dikt i samling, viser det imidlertid bare litt av diktenes komplekse tekst-historie.

«Ein forfattarskap som blir til i korrekturen!», skriver Åmås og mener Hauge ikke er ferdig «før trykkpressa byrjar rulla» (Åmås 2004, 251). Men han er ikke ferdig da heller. Stadig har han behov for å korrigere. «Gode dikt

skriv du ikkje, du lyt lengta og lokka dei fram», skriver Hauge i dagboka mens han holder på med korrekturen av På Ørnetuva høsten 1961 (Hauge 2000, b. 2, 235). Gjennom forfatter-skapet er det endret i 210 av de 430 diktene som er samlet i 1994-utgaven av Dikt i samling. 143 av dem er endret én gang, 67 av dem er endret to eller flere ganger. I tillegg er i alt 30 tidligere publiserte dikt strøket og talt 75 helt nye dikt lagt til i samleutgaver utgitt mellom 1964 og 1994. Disse tallene synliggjør imidlertid bare bevegelsene i de publiserte versjonene – i tillegg kommer alt han gjorde på manuskriptstadiet og i korrekturrunder, men som ble omgjort eller forkastet før trykking.

Studerer vi første og siste versjon av reviderte verk, dekker det ofte utviklingen selv om revisjonen kan ha

flere mellomstadier. For Hauges dikt er imidlertid ikke en slik metode dekkende, siden han også endrer tilbake til utgangspunktet.

«Femstein»

Diktet «Femstein» ble første gang publisert i Under bergfallet i 1951. Det ble endret to ganger, først til 1972-utgaven av Dikt i samling, deretter til 1980-utgaven, der den historien diktet fremstiller, er både redusert og annerledes, og aktører er fjernet. Se tabell på forrige side.

Frem til 1980 er femsteinene mine. Jeg-et synes stilt utenfor leken – de andre barna er mest interessert i jeg-ets steiner, mens jeg-et ikke liker at de andre barna skitner til steinene. Siste verselinje lyder riktignok «når me spelar», og spillet forutsetter et fellesskap – det lanseres slik som en mulighet eller et ønske i alle versjoner av diktet. I 1980-versjonen er det ensomme og de andre fjernet helt, de klåfingra «granneborni» er borte. Det er også avstanden mellom jeg-et og de andre; både historien og tonen er justert: Jeg-ets ensomhet og utenforskap er erstattet av fellesskap og samspill.

Det finnes i tillegg minst seks kladder av diktet «Femstein» fra før det ble publisert første gang. Flere av kladdene har mye til felles med den trykte 1951-versjonen, men interessant nok er det mer «me» i et par av kladdene. I en av kladdene fra 1951 åpner eksempelvis diktet med en fellesskapssituasjon: «Me kasta dei i veret / og tok dei att.» Det fellesskapet er tonet ned i renskriften. Det er altså ikke først i den trykte 1980-versjonen at «Fem-

stein» skildrer et samspill og fellesskap. Slik viser sammenligningen av kladdene og de trykte versjonene at Hauge ikke alltid reviderer frem noe helt nytt i de senere versjonene – det er ikke så enkelt som at den eldre Hauge reviderer den yngre.

«Iskyss» vs. «Elvemøyi»

Til Dikt i utval fra 1964 ble diktet «Iskyss» utvidet, endret og gitt ny tittel. Se tabell på neste side.

I den første versjonen fra 1951 både innleder og avslutter iskyssset, gjennom tittelen og sisteordet, men elvemøya blir introdusert først i selve diktet, fremhevet alene, på egen verselinje. I den reviderte versjonen innleder i stedet skildringen av det som omgir elvemøya, før det zoomes inn på hvordan elvemøya opptre i lyse vårnetter. Først i syvende verselinje skjer det en vending, der leiken stopper og omformes til iskyssset. I den første versjonen mangler denne opptakten. Der er elvemøya allerede frosset og leiken avsluttet når diktet begynner. Kun opplysningen «er slutta å leika» indikerer at hun har vært i bevegelse, at hun ikke alltid har vært et fastfrosset iskyss. Mer er utelatt og overlatt til mottager i den første versjonen, mens spillet mellom motsetningene vår–vinter er eksplisitt skrevet inn i den reviderte, utvidete versjonen. Den brå overgangen fra vår til vinter fungerer avautomatiserende; plutselig skildrer diktet mer enn et fjell og en fastfrosset elv.

Diktet «Elvemøyi» rommer diktet «Iskyss». Selv om kjernen er den samme, er det ikke irrelevant hvilke av de to versjonene vi leser, noe tittelskiftet

«Femstein» 1951, 72	«Femstein» 1972, 96	«Femstein» 1972, 96
Femsteinane mine er skitne og gråe vortne, og feitute av mange fingrar. Granneborni skal alltid ha tak i dei når dei kjem.	Femsteinane mine er skitne og grå vortne, av mange fingrar. Dei hine ungane skal alltid ha tak i dei.	Femsteinane er skitne og grå vortne av mange fingrar.
I elvi skal eg finna meg ny femstein; kvite steinar med korn som glitrar i soli når me spelar.	I elvi skal eg finna oss ny femstein. Kvite steinar som glitrar i soli når me spelar.	I elvesanden skal me finna oss ny femstein. Kvite steinar som glitrar i soli når me spelar.

«Iskyss» 1951, 45	«Elvemøyi» 1964, 87
Elvemøyi i fossen er slutta å leika og femner med kvite armar det jarngråe fjell i eit langt sugande iskyss	I ljose vårnæter, når bjørkene sprett på svadi, slær ho ut sitt hår og trør dansen med song framfor berget. No er ho slutta å leika og femner med kvite armar det jarngråe fjellet i eit langt sugande iskyss.

også fremhever; vi tror det er snakk om to ulike dikt om vi ikke ser dem sammenstilt.

«meir avpussa og litterært [...] er ikkje alltid av det gode»

Den 6. januar 1958 skriver Hauge i dagboka om hvordan revisjon kan gjøre godt, men at det ikke er regelen. Diktet kan bli bedre litterært, men også for litterært:

*Her sit eg då og skal liksom vera
forfattar. Har endåtil fenge meg eit
stygt spetakkel av ei skrivemas-
kina på bordet. Eg som fyrr har
gjort all skrivningi på eit kladdepa-
pir på sengestokken eller på ei fjøl
ved høvelbenken. Litt kan det vel
hjelpa å setja seg til å grubla yver
ord og setningar og snu og venda
på det vesle ein har å segja, det
vert kanskje litt meir avpussa og
litterært, helst det siste, og det er
ikkje alltid av det gode (Hauge
2000, b. 1, 586).*

De mange variantene dokumenterer Hauges praksis. Endring etablerer en form for utvikling, men ingen ensartet utvikling utkrystalliserer seg hos Hauge siden han vekslet mellom nytt og gammelt både når han publiserte de første versjonene og når han reviderte. Hauges utvikling som lyriker fremstår dessuten mindre markant om man leser den sist autoriserte samleutgaven enn om man sammenligner både førsteutgavene og samtlige reviderte utgaver av Dikt i samling. Særlig avstanden mellom førsteutgaven av Glør i oska (1946) og Glør i oska i de senere samlingene, er stor: 21 av de opprinnelige 53 debutdiktene er strøket i senere utgaver. I tillegg la Hauge til femten nye dikt fra 1964 til 1993, hvorav ett ble fjernet igjen i 1993-utgaven. I tillegg er 31 av Glør i oska-diktene revidert opptil flere ganger. Bare «Svarte krossar» og «Elden» ble aldri endret.

Den sist autoriserte samleutgaven fra 1994 representerer på et vis det

endelige resultatet av Hauges livsverk, men den skjuler da også mangt ved den lyrikkproduksjon som brakte Hauge frem til den versjonen som ble stående i og med Hauges død i 1994. I tillegg er supplerte samleutgaver også utgitt etter Hauges død.

I et intervju med Hauge trykt i Basar (1/1978) spør Jan Erik Vold hvor lenge Hauge har jobbet med enkelte dikt, hvorpå han anslår at det vel har «gjenge 20–30 år fyrr sume har vorte ferdige. Eg har no ikkje arbeidd på dei kvar dag, det er so – eg har set på dei no og då, lagt dei burt i fleire år, so har eg ved eit tilfelle kome på dei att, kanskje snutt på eitt og hitt. Eit dikt vert aldri ferdig, segjer Valéry ...» (Vold, 1978, 9). Selv om Hauge ikke følte seg ferdig og var misfornøyd med enkelte dikt, publiserte han dem mens han ventet på løsninger. Som Hauge skriver til Bodil Cappelen julen 1974: «Nøgd? Nei det vert ein aldri. Skal ikkje verta heller.» (Cappelen & Hauge 1996, 234). Kanskje måtte han gi slipp for å kunne skrive nytt. Samtidig drev misnøyen ham til å arbeide videre med det gamle, til å elte, foredle, pusse, fikle. Iherdig og dedikert, resignert og realistisk. Frem og tilbake.

Kilder

- Andersen, Hadle Oftedal 2002. Poetens andlet. Om lyrikaren Olav H. Hauge. Oslo: Det Norske Samlaget
- Cappelen, Bodil og Olav H. Hauge 1996. Brev 1970–1975. Oslo: Det Norske Samlaget
- Hauge, Olav H. 1951. Under bergfallet. Oslo: Noregs Boklag
- Hauge, Olav H. 1964. Dikt i utval. Dogg og dagar. Ved Ragnvald Skrede. Oslo: Noregs Boklag
- Hauge, Olav H. 1972. Dikt i samling. Oslo: Noregs Boklag
- Hauge, Olav H. 1980. Dikt i samling. Oslo: Noregs Boklag
- Hauge, Olav H. 2000. Dagbok 1924–1994. Oslo: Det Norske Samlaget. 5 bind
- Vold, Jan Erik 1978. «Ein hage og eit bibliotek. Olav H. Hauge i samtale med Jan Erik Vold», s. 7–12 i Basar, nr. 1. Oslo: J. W. Cappelens Forlag
- Åmås, Knut Olav 2004. Mitt liv var draum. Ein biografi om Olav H. Hauge. Oslo: Det Norske Samlaget

OLAV H. HAUGE VED UIB

Alf Gunnar Eritsland

I dette nummeret skal vi sjå på kva av skriftleg materiale etter Olav H. Hauge som finst på Universitetet i Bergen.

Dette er den største samlinga av brev- og manus frå Olav H. Huges hand. Ansvarleg for Hagematerialet ved Universitetsbiblioteket i Bergen er seniorkonsulent Ola Søndena. Han fortel at det har vore ei stigande interesse for brev og manus i Olav H. Hauge-samlinga.

– Korleis kom dette materialet biblioteket i hende?

– Det meste av Hauge-materialet vi har stammar frå den samlinga av skrifter og manus som var i Olav H. Huges eige då han døydd i 1994. Kona til Hauge, Bodil Cappelen, overlét dette til Universitetet i Bergen i 2005.

– Kva typar skriftleg stoff finst i samlinga?

– Vi har eit breitt spekter av stofftypar. Det som dominerer er brev og manus. I brevsamlinga finn vi brev til og frå Olav H. Hauge. Her finst brev han skreiv til andre forfattarar, til styresmakter, forskarar, til vener og kjende. Vi finn brev til Rolf Jacobsen, Ragn-

vald Skrede, Georg Johannesen, Martin Nag, Eldrid Lunden, Idar Stegane, Bjarte Birkeland og ikkje minst til Bodil Cappelen.

Av manus finn vi ei stor og mangfaldig samling: Utkast til dikt, rettingar av dikt, upubliserte dikt og nye variantar av dikt. Her finst ikkje mindre enn 40 manusbunkar med utkast til 7 diktsamlingar. Vi finn manus av ulike slag, som bokmeldinga av debutboka til Ola Johnsmoen.

Dessutan finst her Huges eigne diktsamlingar med handskrivne kommentarar, og hans kommentarar i diktsamlingar av andre forfattarar.

Her fins ei stor samling notatbøker frå 1924 til 1970.

I samlinga har vi handskrivne manus om lokalhistoriske tilhøve: «Fjellet kring Uppsæte, Hallingskeid og Finse i eldre tid». Eit handskrivne notat har tittelen: «Då tyskarane kom til Ulvik».

Vi finn også utkast til foredrag, f.eks. «Om Arnliot Eggen», «Nokre ord om sonetten», Nokre ord om Georg Johannesen», «Nokre ord om (Per) Sivle».

I samlinga fins også mange hefte og bøker frå Huges barndom: stilbøker, skrivebøker, reknebøker, kladdebøker, attestar.



Foto: Manuskript- og librarsamlingen, Universitetsbiblioteket i Bergen.

– Kven er det som brukar denne samlinga?

– Det er særleg forskarar som har brukt materialet. Når det blir arbeidd med bøker om Hauge, vil dette gjerne føre til større bruk av arkivmaterialet. Det kan vere ein grunn til at det var ein auke i bruken av samlinga vår i 2024.

Vi har eit godt samarbeid med Hugesenteret i Ulvik, ikkje minst gjennom forskinga til Stein Arnold Hevrøy, som er tilsett der. Elles er det relativt stor interesse for Hauge-manus frå litteraturforskarar både her til lands og frå utlandet. I tillegg får vi førespurnader frå forlag og forfattarar som arbeider med lærebøker.

– Er det allmenn tilgang til denne samlinga?

– Ein må søkja for å få tilgang til dette materialet. Ein vender seg då til: Ola Søndena, Spesialsamlingane, Universitetsbiblioteket i Bergen. ola.sondena@uib.no.

Ein må få godkjenning for å kunne kopiere frå samlinga. Upubliserte dikt skal ikkje kopierast.

– Er samlinga digitalisert?

– Nei, det har ikkje vore aktuelt å digitalisere på grunn av dei klausulane om avgrensa innsyn som er lagt på materialet. Det er likevel mogleg at vi i framtida kan digitalisere eit utval av materialet.

Returadresse: Ågot Gammersvik, Marihaugen 30, 5302 Strusshamn



EG HOGG NED DEN STORE APALEN UTFOR GLASET.
HAN SKYGDE FOR UTSYNI, DET VAR EITT, DET
VART SKUMT I STOVA UM SUMAREN, DESSUTAN
VILDE IKKJE GARTNARHALLEN HA
FLASKEEPLER Lenger.

EG TENKTE PÅ KVA FAR MIN
VILDE HA SAGT, HAN LIRA
DEN APALEN.
MEN EG HOGG HAN NED.

DET VART LJOSARE, EG KAN
SJÅ UT FJORDEN OG ELLES
FYLGJA BETRE MED
PÅ FLEIRE KANTAR,
HUSET KOM MEIR
I BERRSYNI,
VISER MEIR ÅTT.

EG VIL IKKJE VERA VED DET, MEN EG SAKNAR APALEN.
HER ER IKKJE SOM FYRR. HAN LIVDE FOR VINDEN OG GAV
GOD SKUGGE, SOLI GLYTTE GJENNOM GREINENE INN
PÅ BORDET, OG UM NÆTENE LÅG EG OFTE OG LYDDE
TIL SUSEN I LAUVET. OG DEI FLASKEEPLI, DET FINST IKKJE
BETRE UT PÅ VÅRPARTEN, DEI HAR SÅ FIN KRYDDA SMAK.
DET GJER ILT KVAR GONG EG SER STUBBEN; NÅR HAN ER MORKEN
SKAL EG BRJOTA HAN UPP OG SLÅ HAN SUND TIL VED.